


Vis oss at du vil satse på matproduksjon!

NORGES
BONDELAG



For å sikre nok tilgang på norsk mat, som alle vil ha, må vi ha med oss alle matprodusentane vidare. Dei som er i næringa og dei unge som vil inn i yrket, må ha auka tryggleik for at det er ei framtid som bonde.

Kva skal til: For å oppfylle samfunnsoppdraget i ei uroleg tid, treng bøndene eit inntektsløft som gir tru på å halde fram med å produsere mat. Ei inntekt som andre grupper vil gi tryggleik til å kunne utvikle garden og drifta vidare, og ikkje minst gi tryggleik til unge som skal sjå for seg eit familieliv og ei framtid som bønder.

Vil du ha med landbruket vidare – støtt oss som politiskar og forbrukar.



Korleis kan kommunepolitikarar støtte landbruket?

- Sørge for at det er norsk mat på kommunen sine innkjøpslister.
- Arealsaker og jordvern: Korleis skal arealet i kommunen brukast? Ver modig og sjå det i eit evig perspektiv. Dyrka mark er ikkje «ledig». Det er allereie næringsareal i bruk.
- Kva slags landbruk vil vi ha? Matproduksjonen i Noreg er tufta på familiar som eig og driv gardane. Våg å ta standpunkt i konsesjonssaker, slik at bønder faktisk har råd til å kjøpe garden for å drive den.
- Etablere og sette av pengar til kommunale klimafond som bidreg til at landbruket når måla i klimaavtalen, og føl opp prioriteringane frå det statlege BIONOVA.
- Landbruket står framfor store investeringar, som er svært kostbare for enkeltbonden. Kommunen kan legge til rette med eigne tilskot til investeringar og næringsutvikling på gardane. Byggjeaktivitet og drift på gardsbruk har store ringverknader for anna næringsliv i kommunen.
- Det er kommunens ansvar å sørge for at husdyr kan få tilsyn av veterinær til ei kvar tid. Ei velfungerande veterinæravakt er avgjerande for både bondevelferda og dyrevelferda.
- Kommunen er ein stor kjøpar av tenester innan omsorg og opplæring. Bruk lokale tilbydarar innan til dømes Inn på tunet. Det gir innbyggjarane eit godt tilbod og stimulerer næringslivet i kommunen.
- Og ikkje minst: Fortel dine partikolleger på Stortinget kva som skal til for landbruket i din kommune, og påverke til eit godt jordbruksoppgjær.



Fjern tvilen!

Gjer det mogleg å halde fram som bonde gjennom vedtak som skapar framtidstru.

